

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/8490-1

Høringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - ny spesialistgodkjenning for sjukepleiarar

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv høringsuttale i møte 16. september.

Vedlegg:

Høringsnotat

SAKSFRAMSTILLING

Helse- og omsorgsdepartementet har på høyring eit forslag til forskrift om spesialistgodkjenning for sjukepleiarar.

Departementet ynskjer å innføre offentlig spesialistgodkjenning for sjukepleiarar som gjennomfører den kommande masterutdanninga i klinisk allmennsjukepleie retta mot kommunale helse- og omsorgstenester.

Føremålet er å styrke kompetansen i kommunale helse- og omsorgstenester. Ved å gje sjukepleiarar med denne utdanninga spesialistgodkjenning, ynskjer departementet å signalisere at dette er ei viktig utdanning som helsemyndigheitene ynskjer at mange skal ta. Offentleg spesialistgodkjenning kan virke både rekrutterande og statushevande.

Samtidig leggas det til rette for at sjukepleiarar med denne utdanninga kan få ein utvida og definert rolle i tenesta i tråd med utdanninga. Det fordrar blant anna at leiarar i kommunale helse- og omsorgstenester ser mogelegheiter for nye oppgåver og ny sjukepleiarfunksjon ved tilsetting av nemnde sjukepleiarar.

Masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie med tilhøyrande offentlig spesialistgodkjenning er eitt av Helse- og omsorgsdepartementets tiltak for å møte utfordringane dei kommunale helse- og omsorgstenestane står ovanfor dei kommande åra.

Frist for gje høringsuttale er 1. oktober 2019.